



Retningslinjer for bruk av Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune:

TILSKOT NÆRING

Saknr.	Utval	Vedtatt	Gjeld frå
052/26	Kommunestyret	18. juni 2026	18. juni 2026

1 Grunnlag

Vedtektene for Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre legg grunnlaget for desse retningslinene som gjeld tilskot til næringsformål kommunen.

2 Avkasting og tilskotsmidlar

I § 1 i Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond i Vestre Slidre Kommune framkjem kapital og avkastning som er tilgjengelege midlar og inntekter til kraftfondet. Frå 2025 vart Kraft- og næringsfondet slått saman. Tilgjengelege tilskotsmidlar fylgjer av budsjettvedtak for inneverande år. Årleg sum bør ikkje overstiga kr 500 000 med mindre særlege omstende talar for at summen vert auka. Fondskapital på kr 600 000 er urørleg.

3 Føremål

Tilskot frå Kraft- og næringsfondet skal vera med å styrkja utvikling og omstilling i etablerte næringsverksemdar i kommunen og medverke til nyetablering og nyskaping.

Kraft- og næringsfondet skal først og fremst nyttast til å oppfylla måla i *Kommunedelplan for busetting og næringsutvikling*.

Tilskot frå Kraft- og næringsfondet kan gå til alle typar næringsverksemdar som har forretningsadresse i Vestre Slidre. Tilskot til landbruksverksemdar er omfatta av ordninga for Landbruksformål og er ikkje omfatta her.

Tilskot vert berre gjeve til arbeid med eit samla kostnadsoverslag større enn kr 100 000 + mva.

4 Kraft- og næringsfondet kan vere tilskot til:

- Etablerartilskot.

- Bedriftsutvikling. Til dømes opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar, undersøking/planlegging og liknande.
- Investeringsstilskot. Til dømes investeringar i bygg, utstyr og maskiner.
- Tiltaksarbeid. Det kan gjevast tilskot til tiltaksarbeid, t.d. regionalt samarbeid, etableraropplæring, samarbeid skule/næringsliv, stadutvikling, utgreiingar/analysar, forprosjekt og prosjekt.

5 Kraft- og næringsfondet kan ikkje vere tilskot til:

- Utskifting av driftsmiddel som ikkje medfører utvikling/omstilling.
- Gjeldssanering.
- Drift av verksemdar.
- Etablering v/generasjonsskifte/eigarskifte utan naudsynt investering.
- Tiltak som ikkje har bakgrunn i eit samla driftsopplegg i verksemda.
- Tiltak som allereie er gjennomført.

Samarbeidstiltak/fellestiltak har høg prioritet. Formannskapet kan setja i gang prosjekt i eigen regi og gje tilskot til andre tiltaksgrupper som fell inn under formålet. Retningslinene er eit supplement til vedtekter for Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune.

Formannskapet kan setja i gang prosjekt i eigen regi. Formannskapet kan gje tilskot til tiltaksgrupper/prosjekt som ikkje er nemnde spesielt, men som fell inn under fondet sine vedtekter og føremål.

Formannskapet kan fastsetja meir detaljerte reglar for dei ulike formåla og tiltaksgruppene.

Retningslinene er eit supplement til vedtekter for kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune. Dei byggjer på vedtekter for bruk og forvaltning av kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune.

6 Vilkår for tilskot

Samla offentleg støtte til private næringslivstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av det samla kapitalbehovet til eit prosjekt. Prosjekt med særleg verknad for kvinner og ungdom og nyetableringar kan støtta aukast til 75 %.

Større søknader vert i første rekkje vist til å søkja midlar frå til dømes Innovasjon Noreg.

Når det vert søkt om ytterlegare offentlege midlar innanfor ei treårsperiode, pliktar verksemdene å opplysa om kva støtte ein har motteke frå Kraft- og næringsfondet.

Ved handsaming av søknadane skal det takast omsyn til kva verksemdene kan oppnå av andre tilskotsordningar(også kommunale).

Private verksemdar/bruk må minimum ha 15 % eigenkapital (medrekna eigeninnsats utan evt. tilskot.)

7 Krav til søknad

Søknad skal normalt fremjast før tiltaket vert sett i verk. Nyleg etablerte verksemdar kan likevel søkja om støtte knytt til etablering inntil 1 år etter oppstart.

Søknaden skal innehalda:

- Opplysningar om søkjaren
- Forretningsplan/driftsplan, med søkjaren si utgreiing om og vurdering av tiltaket. For mindre prosjekt kan det lagast ein forenkla forretnings-/ driftsplan.
- Fullstendig investerings- og finansieringsplan
- Teikningar og arbeidsskildringar når dette er aktuelt
- Framdriftsplan
- Driftsbudsjett for minimum to år, for etablerte verksemdar/tiltak
- Revidert rekneskap for dei to føregåande åra (gjeld etablerte verksemdar), rekneskap for ikkje- revisjonspliktige kan krevjast. Rekneskapen vert ikkje gjort offentleg.
- Vedtekter (gjeld selskap)

8 Søknadsfrist og sakshandsaming

Alle søknader om tilskot har søknadsfrist 1. mai og skal handsamast i siste formannskapsmøtet før sommarferie kvart år. Administrasjonen skal etter at søknadsfristen er gått ut laga ei oppstilling over innkomne søknadar om støtte, og prioritere desse i samsvar med reglane og/eller prioriteringar i kommunedelplan for busetting og næringsutvikling.

Om ikkje alle midlane er utdelte ved første søknadsfrist vert resterande midlar lyst ut med søknadsfrist 1. oktober og skal handsamast i siste formannskapsmøte før jul kvart år.

9 Vilkår for utbetaling

Før innvilga tilskot kan utbetalast, må følgjande føresetnad vera oppfylte:

- Verksemda/tiltaket er etablert og evt. registrert
- Lokale og eigedomstilhøve er ordna
- Tiltaket må vera fullfinansiert
- Sikkerheit kan krevjast for tilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr. Denne fell bort etter 5 år.
- Krav som vert stilte i gjeldande lover, forskrifter og standarar skal vera oppfylte, naudsynte godkjenningar må liggja føre.
- Frist for å gjennomføra tiltaket er normalt 1 år (tilsagnsåret + eit heilt kalenderår).

- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenna 1 års utsetjing av fristen for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing av frist utover 1 år skal handsamast av formannskapet.
- Dersom det oppstår forhold som er i strid med grunnlaget for føresetnadane for støtta, kan Vestre slidre avgjera at tilskotet skal betalast tilbake heilt eller delvis. Den som mottek støtte pliktar å varsle kommunen om endringar i føresetnadane for tilskotet. Krav om tilbakebetaling kan motreknast i andre ytingar som gjeld same verksemd/bruk/tilskotsmottakar.
- Kommunen kan ikkje sette fram krav om tilbakebetaling seinare enn 5 år.
- Både formannskap og administrasjonen kan synfara tiltaket, enten i lag eller kvar for seg.
- Tilskot blir utbetalt med grunnlag i dokumenterte utgifter til tiltaket og etter at tiltaket er gjennomført. Dersom tiltaket får ein lågare kostnad eller ikkje blir gjennomført innan fristen, blir tilskotet forholdsmessig avkorta.

10 Kommunale utbyggingsoppgåver (tiltaksarbeid, grunnlagsinvesteringar og kommunale fellestiltak)

Kraft- og næringsfondet kan nyttast til kommunale utbyggingsoppgåver som er viktig for næringsutvikling.

11 Ved lite midlar

Ved lite midlar stiller nye søkjarar før i køa enn dei som har fått frå ordninga tidlegare. Dersom det er att midlar på kommunen sitt Utviklingsfond, kan formannskapet vedtaka at midlar kan hentast der, utfrå ei konkret vurdering av saka.

12 Anke/klage

Lovlegheitsklage

Det er høve til lovlegheitsklage etter §27-1 i kommunelova.

Forvaltningsklage (partsklage)

Det er høve til forvaltningsklage (partsklage) etter forvaltingslova § 2.

13 Bagatellmessig støtte

Maksimalt offentlig tilskot til ei og same bedrift vert regulert etter EØS sine gjeldande reglar for bagatellmessig støtte (pr 01.06.2026 er dette EUR 300 000,- innanfor ei tidsramme på 3 år).

Tilskot blir registrert i Støtterregisteret i samsvar med regelverket for dette, jf [Bagatellmessig støtte - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).